



# Informasjon

4/2022

Molde SVs informasjonsbulletin

Oktober 2022

## Leder Oscar Toft



### OPPKØYRINGA TIL VALET TEK TIL

Neste haust er det kommune- og fylkestingsval. For å halde på, og kanskje auke, vår posisjon i desse vala, er det viktig å kome i gang i tide. Dette nummeret av SVI handlar difor om tiltak som har med valet å gjere.

Molde SV er godt i gang med desse tiltaka.

- Vi vil syte for å ha eit godt program å jobbe ut frå når valkampen tek til. **Programnemnda** vår arbeider allereie godt og har lagt opp til eit interessant innspelsmøte i slutten av oktober der du som medlem kan ta del i programarbeidet.
- Nominasjonsnemnda vår er og godt i gang med arbeidet med å finne villige og rette kandidatar til å stå på kommunevalslista vår neste år. Nominasjonsmøtet vert i slutten av november.
- Det er viktig å dra flest mogleg med i valkampen. Vi planlegg difor ei medlemsundersøking for å finne ut kva det einkilde medlem, kan/ikkje kan, vil ikkje vil, bidra med.
- Det er viktig å halde seg oppdatert på politikken til SV. Du har framleis høve til å melde deg på SV sin haustkonferanse, Sosialisme på norsk, som vert halden i Oslo helga 29.-30. oktober

**Godt komande valår!**

**Oscar Toft**  
Styreleiar  
Molde SV



Evy Sisilie Bergum

## Rapport til SVI fra valgnevnda for SV til kommunevalget 2023

### Antall møter

Nemnda bestående av Rune Sjøholm, Unni Bjørseth, Håvard Bævre Ellingsgård og Evy Sisilie Bergum har pr. 12.10.22 hatt 4 nemndmøter og 1 fellesmøte med styret i Molde SV. Neste fellesmøte med styret er 9.11. Selve nominasjonsmøtet for Molde SV er satt til 23.11. Møtet vil bli annonsert. Nemnda kan fortelle følgende fra prosessen hittil:

### Valglista

Vi jobber systematisk og har i stor grad fram til nå konsentrert oss om å kontakte listekandidatene fra 2019 og spørre hvorvidt de også ønsker å stå på neste års liste. Denne jobben er nå avslutta og vi har allerede et fint knippe øvrige personer som har lyst til å stille. Framover til fellesmøtet med styret 9.11., vil det skje fortløpende i slike henvendelser. Vi har ennå ikke tatt endelig stilling til hvor lang liste vi vil presentere for nominasjonsmøtet, men er samstemte i at den skal framstå som mangfoldig og fristende med tanke på mest mulig nedslagsfelt blant vårt velgerpotensiale.

### Kvalitetssikring

Henvendelsene til listekandidater fra den enkelte i valgnevnda har i høy grad samme form og innhold der formalitetene er ivaretatt, uavhengig av om vi kjenner den vi forespør eller ikke. For å unngå feil eller misforståelser knytta til forespørslene, noteres ned det som blir sagt og skriftlige svar oppbevares. Informasjon som skulle tilfalle oss underveis av privat karakter blir selvfølgelig holdt innafor valgnevnda.

### Kumuleringer

Forslaget som nemnda kommer fram til er sterkt knytta til hvem vi lander på som ordførerkandidat fra SV. Nemnda er opptatt av at vi trenger en ordførerkandidat som «tør å stå i det». Vi har allerede ei brukbar, men merk, ikke ferdigstilt og foreløpig uprioritert kandidatliste. Valgnevnda vil fra nå av bruke mye av tida på en grundig kontaktrunde med den enkelte. Før endelig kumulering får alle kandidatene likelydende skriftlige spørsmål som skal besvares og dernest innkalling til intervju / samtale med valgnevnda.

### Presse

Valgnevnda er hittil ikke blitt kontakta av pressa. Vi tenker at det kan bli aktuelt at vi sjø tar initiativ, men ikke «før vi er rede til det». Vi registrerer at det foreløpig ikke er «kok» rundt listene, sjøl om delvis sjøloppnevnte (!) ordførerkandidater trer fram..

### Demokratisk prosess

Er det noen av dere som leser denne oppsummeringa i SVI og har tips til listekandidater å spørre? Husk at det er fritt fram for alle å foreslå navn.

På vegne av valgnevnda  
Evy Sisilie Bergum (leder)  
[esbergum@online.no](mailto:esbergum@online.no)  
915 787 64





## Vi treng innspel frå medlemmane våre!

Innspela vil vi ta med oss når vi lagar eit nytt program for Molde SV. Programmet blir styrande for det våre politikarar skal arbeide for i kommunestyret gjennom valgperioden som varer frå hausten 2023 til 2027.

Molde SV inviterer deg no til innspelsmøte på Krona (Romsdalsmuseet), onsdag 26. oktober, kl 19.00.

Vi vil jobbe i små grupper der du velger det tema som du sjøl brenn mest for frå menyen under:

1. Arealbruk/by- og tettstadutvikling/samferdsel
2. Den gode oppvekst - barnehage og skule
3. Helse/pleie og omsorg - tilpassing til demografisk utvikling?
4. Det gode liv for oss alle (handlar om kultur, møteplassar, natur&miljø, frivillighet og enda meir!)
5. Næring og det grønne skiftet, ressursbruk, sirkulær økonomi

Di meining som medlem i Molde SV er viktig for oss! Tenk gjerne over kva tema du helst vil diskutere under innspelsmøtet.

Vi håper å treffe nettopp deg på innspelsmøtet!

Molde SV

## SV SIN HAUSTKONFERANSE

Helga 29.-30. oktober held SV haustkonferanse i Oslo. Tema for konferansen er **Sosialisme på norsk**. Som medlem kan du melde deg på denne.

Påmeldingsfrist 21. oktober 2022/frist for bestilling av reise - SV dekker reisekostnader over kr. 1000.

Frist for å spørre om mogleg reisebidrag frå Molde SV så snart som mogleg til:

[ingolfkaldahl@hotmail.com](mailto:ingolfkaldahl@hotmail.com)

Følg linken under for nærare informasjon og påmelding.

[Nærare informasjon om haustkonferanse](#)

**Påmeldingsfrist 21. oktober 2022**

## MEDLEMSUNDERSØKING

Som nemnt i leiaren, planlegg vi ei medlemsundersøking. Den har fleire mål.

Finne ut kva kvart einskild medlem kan tenke seg å bidra med under valkampen neste år, som

- å stå på stand
- hjelpe til med køyring
- produsere noko etande til standane
- hjelpe til med ringing og organisering
- hjelpe til med sosiale media
- hjelpe til med noko vi ikkje kjem på å spørre om
- bidra økonomisk

Det er sjølv sagt og heilt greit å ikkje ta aktivt del, men berre vere ei støtte ved å vere på medlemslista vår.

Ved sidan av dei valrelaterte spørsmåla kjem vi og til å kome med ein del spørsmål som dreier seg om korleis du liker at vi kommuniserer med deg, som

- epost
- papirbasert
- Facebook
- andre sosiale media
- andre måtar

og kva aktivitetar du liker, som

- medlemsmøte
- turar
- kor
- anna

Det vil vere til god hjelp for styret i planlegginga av drifta om du tek deg tid til å svare når undersøkinga vert sendt ut. **På førehand takk!**

## Molde SV:

- Sosialistisk kor si oktoberøving er utsatt, ny info kommer.
- Om noen ønsker SV Informasjon i papirformat, ønsker vi at det tas kontakt med leder Oscar Toft.
- Ta evt. kontakt med redaksjonen, ved [figun@online.no](mailto:figun@online.no) eller mobil 40608899 Gunn Fiske
- Det blir ikke sosialt treff på Rød 26. oktober, da det kolliderer med medlemsmøtet på Krona.

# La oss bygge fremtiden!



Foto: Hannah Tasker Unsplash



[sv.no/bli-medlem](https://sv.no/bli-medlem)